



VINJE

Planprogram

Kommunedelplan for naturmangfald

Vinje kommune

Vedteke i kommunestyret [dato og saksnr]

Innhald

Føremål	3
Mål	3
Rammer og føringar	4
Internasjonale og nasjonale føringar	4
Regionale føringar	5
Telemarksplanen - Regional planstrategi 2024-2028	5
Regional plan for Hardangervidda	5
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	5
Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde	5
Regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027	5
Kommunale føringar	6
Kommunal planstrategi 2024-2027	6
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2035	6
Kommuneplanen sin arealdel	6
Plan for klima og berekraft	6
Beitebruksplan for Vinje kommune 2017-2020	6
Næringsplan for Vinje kommune	7
Reiselivsstrategi for Vinje	7
Tema i planarbeidet	7
Fokusområde – viktig lokal natur	7
Planprosess	8
Organisering	8
Framdriftsplan	9
Medverknad	9

Føremål

Vinje kommune er ein av mange kommunar i Noreg som har fått stønad frå Miljødirektoratet si natursats-ordning for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald i kommunane.

I tråd med St.meld. 14 (2015-16) *Natur for livet* der det står fylgjande:

«Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfold, der kommunen identifiserer og tar hensyn til naturverdier av både nasjonal, regional og lokal betydning, vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med kommuneplanens arealdel».

Ein kommunedelplan for naturmangfald skal vere med på å sette natur på den lokalpolitiske dagsorden i Vinje. Planen skal vere eit strategisk styringsverktøy, og gje rammer og retning for kommunen sitt arbeid for å sikre og ta omsyn til naturmangfald i kommunen. Den vil vere viktig for politiske og administrative avgjerder, skape ei føreseieleg arealforvaltning og sakshandsaming både for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar.

Den største trusselen mot naturmangfaldet i verda er nedbygging av areal. Det er difor heilt avgjerande at kommunane har eit godt kunnskapsgrunnlag og oversikt over naturtypar, artar og deira leveområde for å sikre at nye utbyggingar ikkje øydelegg viktige naturverdier. Planen vil avgrense bit-for-bit-nedbygging av viktig natur og økosystemtenester. Den vil også syne kor det er ytterlegare behov for kartlegging for å auke kunnskapsgrunnlaget og kor det er behov for tiltak for naturrestaurering for å få tilbake dei økologiske funksjonane og naturkvalitetane i øydelagde område.

Planen skal ha ein handlingsplan med tiltak, og vere eit lettfatteleg og nyttig verktøy for arealforvaltning og sakshandsaming i kommunen i tråd med nye nasjonale retningslinjer og forventning til kommunal arealplanlegging. Den skal også vere eit nyttig kunnskapsdokument for innbyggjarane, grunneigarar og utbyggjarar i kommunen på naturmangfald, naturverdier, økosystemtenestar og føringar for å sikre desse i arealplanlegginga. Planen skal knytast opp til kommuneplanen sin samfunnsdel og arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som er under rullering.

I tråd med plan- og bygningslova § 11-13 skal det utarbeidast planprogram for kommunedelplanar. Planprogrammet skal styrkje medverknad og bidrage til ein målretta og føreseieleg prosess. Planprogrammet skal gje informasjon om:

- Føremålet med planarbeidet
- Føringar for planarbeidet og aktuelle tema
- Planprosess med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad

Mål

Målet er å styrkje kunnskapsgrunnlaget om natur og naturverdiane i Vinje kommune og sikre ei berekraftig arealplanlegging og utvikling i kommunen der naturen blir ivareteke. Fylgjande mål er lista opp:

- Gje ei god oversikt over verdifulle naturområde og artar i kommunen
- Kunnskap om eigen natur

- Avgrense bit-for-bit-nedbygging og tap av urørt natur
- Bevisstheit
- Grunnlag for å å prioritere og ivareta naturmangfald
- Fokus på friluftsliv og naturmangfald i utbyggingsområde

Rammer og føringar

Planlegging i kommunane skjer innanfor rammer sett av nasjonale, regionale og lokale føringar.

Internasjonale og nasjonale føringar

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for planarbeidet:

- [Konvensjon om biologisk mangfald 1993 \(CBD\)](#)
- [Naturavtalen 2022 \(Kunming-Montrealavtala\)](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)
- [Statleg planretningsline for klima- og energi](#)
- [Statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet](#)
- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfaldlova\)](#)
- [St.meld. 14 \(2015-16\) «Natur for livet»](#)
- [Lov om friluftsliv \(friluftslova\)](#)
- [Lov om jord \(jordlova\)](#)
- [Lov om kulturminner \(kulturminnelova\)](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)
- [Lov om skogbruk \(skogbrukslova\)](#)
- [Lov om vassdrag og grunnvann \(vassressurslova\)](#)
- [Lov om jakt og fangst av vilt \(viltlova\)](#)
- [Lov og vern mot forureningar og om avfall \(forureiningslova\)](#)
- [Forslag til tiltaksplaner etter kvalitetsnormen for villrein i Hardangervidda og Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområder – høyring til 31.10.25 \(ikkje vedteke\)](#)
- [Kvalitetsnorm for villrein](#)
- [Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse \(Austbø og Møsstrand\)](#)
- [Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova](#)
- [Forskrift om rammer for vannforvaltningen](#)
- [Miljøforvaltningsens innsigelsespraksis T-2/16, 2025](#)
- [FNs berekraftsmål](#)
- [INON inngrepsfrie naturområder](#)
- Føringar for nasjonalparkar og landskapsvernområder
- [Føringar for verdensarvområdet, 2015](#)
- [Nasjonal pollinatorstrategi](#)
- [Tiltaksplan for ville pollinerende insekter 2021-2028](#)
- [Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter](#)
- [Bekjempelse av fremmede skadelige organismer 2020-2025](#)
- [Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier](#)
- [Forskrift om regionale miljøtilskudd i jordbruket, Vestfold og Telemark](#)

Regionale føringar

Telemarksplanen - Regional planstrategi 2024-2028

Regional planstrategi skal fylgje opp nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Planen har tre satsingsområde: inkluderande, skapande og naturrike Telemark. Naturrike Telemark framhevar fylkets mangfaldige natur, landbrukstradisjonar og kulturarv, der ein sentral del av strategien er å verne om, restaurere og auke natur-, jordbruks- og kulturverdiane som er i Telemark.

Regional plan for Hardangervidda

Hovudmålet med planen er å ha ein langsiktig og heilskapleg strategi for bruk av areal som er viktige leveområde for villreinen eller påverkar villreinens leveområde. Viktige føringar:

- Å sikre villreinen tilstrekkeleg leveområde og langsiktig gode levekår
- Å sikre lokalsamfunna kring Hardangervidda gode høve for nærings- og bygdeutvikling
- Å legge til rette for friluftsliv og naturbasert næring

[Forslag til felles sti- og løypeplan for Hardangervidda](#) er lagt på høyring med høyringsfrist 31.10.25. Dette er eit tiltak i handlingsprogrammet til regional plan for Hardangervidda. Planen legg grunnlag for vidare samarbeid om å styre friluftslivsferdsel på Hardangervidda.

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)

Denne planen avklarar omsynet til villreinen og gjev føringar som må takast vidare i kommuneplanlegging. Viktige føringar:

- I nasjonalt villreinområde skal villreinen ha fortrinn
- I omsynssone villrein skal ein gjennom konsekvensutgreiing avklare tilhøvet til villreinen.
- I omsynssone trekkområder skal villreinens interesser i høve trekk prioriterast.
- I omsynssone bygdeutvikling er omsyn til villreininteresser avklart.

Heiplanen er under revisjon og resultatet frå denne blir førande for planarbeidet med KDP naturmangfald.

Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

Området skal forvaltast slik at ein tek vare på det eigenarta naturlandskapet, villreinen og naturmangfaldet, kulturminne og kulturlandskap, samt stadtilpassa næring og verdiskaping.

Regional vassforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027

Planen skal sikre ein heilskapleg vassforvaltning og skildrar miljømål som skal oppnåast i elver, innsjøar og kystvatn. Måla er å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk miljøtilstand i alle vassførekomstar, samt å sikre berekraftig bruk av vassressursane. Planen har tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram for å nå dessa måla.

Kommunale føringar

Kommunal planstrategi 2024-2027

I tråd med Kommunal planstrategi for Vinje kommune 2024-2027 vedteke av kommunestyret 14.05.2024, sak 77/24 skal kommunen i gang med arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i 2025.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2035

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret 01.06.2023 i sak 54/23. Samfunnsdelen tek stilling til langsiktige målsettingar, mål og strategiar og skal vere eit styringsdokument for sektorane sine planar og verksemder i kommunen. Planen inneheld kommunen sin visjon, hovudmål og strategi. Samfunnsdelen har tre hovudsatsingsområde:

- Vinje – ein god stad å vera for alle
- Vinje – med naturen som berekraftig ressurs
- Vinje – kompetansekommunen

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel er ein overordna og strategisk plan. Planen skal vise samanhengen mellom framtidig ynskja samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) er under rullering, og planen vart sendt på høyring og offentleg ettersyn i tidsrommet 30.05.25 til 31.08.25. Det er vedteke arealstrategiar til prosessen for KPA i kommunestyret 30.01.2024, sak 52/24, der omsynet til naturmangfald og sikring av sårbar natur er teke med i fleire av strategiane. Sårbar natur og villrein er sentralt i arbeidet med ny arealdel.

Plan for klima og berekraft

Plan for klima og berekraft med tilhøyrande handlingsplan er vedteke i kommunestyret 15.09.2022, SAK 64/22. Planen har ei overordna målsetjing om at Vinje skal redusere CO₂-utslepp med 60 % innan 2030, og gjere kommunen klimarobust i høve til klimaendringar. Planen har i tillegg 10 underordna målsetjingar. Målsetjing 10 *Klimavenleg arealforvaltning* skal sikre ei berekraftig arealplanlegging der ein tek omsyn til naturmangfald, sårbar natur og viktige økosystem og økosystemtenestar som reduserer utslepp og bidreg til klimatilpassing (t.d. myr, våtmark og skog).

Beitebruksplan for Vinje kommune 2017-2020

Som ein utmarkskommune er satsingsområdet for næringsverksemd i Vinje hovudsak landbruk, samt reiseliv basert på utbygging av hytter med dei ringverknadene det gjev på anna næringsliv. Vinje kommune ynskjer eit veksande og berekraftig landbruk i kommunen. Beitebruksplanen legg grunnlag og premissar for kommunen si forvaltning av utmark i høve til andre planar.

Næringsplan for Vinje kommune

Vinje kommune skal leggje til rette for eit berekraftig næringsliv, både økonomisk, sosialt og miljømessig. Næringsplanen prioriterer fylgjande næringar: reiseliv og handel, landbruk, handverk, entreprenør og industri. Kommunen skal også leggje til rette for etablering og utvikling av verksemder, kommunikasjon og samarbeid, samferdsle og infrastruktur, arbeidskraft og kompetanse, næringsareal og tettstadutvikling og forskning, omstilling og innovasjon.

Reiselivsstrategi for Vinje

Vinje kommune har i samarbeid med dei tre destinasjonane Visit Haukeli, Visit Vinje og Visit Rauland, utarbeidd ny reiselivsstrategi for Vinje, med tilhøyrande tiltaksplan for å nå måla. Reiselivsstrategien blei vedtatt i kommunestyre 22.10.24. Eit av hovudmåla i reiselivsstrategien er at reiselivsnæringa skal, saman med Vinje kommune, arbeide langsiktig for ei berekraftig utvikling for å bevare dei naturlege ressursane rundt oss og for stø opp om lokale tradisjonar, den lokale kulturen og naturen.

Tema i planarbeidet


Nedanfor vert det lista opp tema som er relevante å greie ut i prosessen – lista er ikkje endeleg. Utbygging av blant anna fritidsbustadar i Vinje har hatt eit svært høgt tempo og det dukkar opp nye utfordringar, samt ny kunnskap og nasjonale føringar som ein er nøydtt til å ta stilling til.

Fokusområde – viktig lokal natur

- Økosystemtenester
- Villrein og vilt
- Verneområde
- Ramsar-område (Møssvasstangen – internasjonalt våtmarksvern)
- Dagens kunnskapsgrunnlag
- Utvalte naturtyper (slåttemark og slåttemyr)
- Myr og våtmark
- Vadderrot – avgrensa utbredelse og spesielt for indre Telemark og difor eit nasjonalt ansvar for denne arten
- Søstermarihand – fylkesblom for Telemark
- Viktig kulturlandskap og beiteområde
- Kulturlandskap kring Møsstrond
- Viktige friluftsområde
- Truslar mot naturmangfald
- Avgrense og bekjempe framande artar
- Vassforvaltning og verna vassdrag
- Skog

Planprosess

Denne planen skal vere ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningsloven § 11-1 tredje ledd. Planen skal vedtakast politisk for å sikre ei politisk forankring i arbeidet med naturmangfald i kommunen.



Figur 1. Planprosess for kommuneplans arealdel/kommunedelplan. Henta og tilpassa frå [retteleiar for kommuneplans arealdel](#) s. 16.

Organisering

TYPE GRUPPE	SKILDING
Styringsgruppe	Kommunedirektør sin leiargruppe
Administrativt ansvar	Kommunalsjef økonomi og samfunn
Leiar prosjektgruppe	Plan- og miljørådgjevar
Prosjektgruppe	Representantar frå administrasjonen ved behov (plan og miljø, utmark, landbruk, geodata). Prosjektleiars står for utforming av planen.
Referansegruppe	Ulike interesseorganisasjonar. Aktuelt å vurdere arbeidsøkt og innbyggjarpanel for ulike tema.

Plan- og miljøutvalet og kommunestyret handsamar og vedtek planen i tråd med politiske prosessar.

Framdriftsplan

Tema	Vår/sommar 2025	Haust/vinter 2025	Vår/sommar 2026	Haust/vinter 2026	2027
Oppstartsmøte og etablering av prosjektgruppa					
Vurdere behov for konsulent bistand					
Kartlegging av eksisterande data					
Ved behov feltarbeid – Innsamling og analyse av nye data					
Oppstartvarsel med planprogram vedteke					
Utarbeide planen					
Intern høyringsrunde administrativt					
Ferdigstille planen til politisk handsaming					
1. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet					
Høyring og offentleg ettersyn					
Ferdigstille planen til politisk handsaming					
2. gongs handsaming og endeleg vedteke i kommunestyret					Seinast mars 2027

Medverknad

Medverknad er viktig for å ha ein god prosess og sjå til at planen vert eit godt styringsverktøy som kan brukast effektivt for å få ei god utvikling i kommunen. Den ferdige planen bør ha legitimitet hjå både administrasjon, politikarar og innbyggjarar. Medverknad skal sikre at alle får høve til å koma med sine synspunkt og sikre lokal kunnskap frå ulike delar av kommunen.

Fylgjande tiltak er tenkt for å sikre god medverknad:

- Informasjon på kommunens heimeside, facebook og innbyggjarapp
- Informasjon i lokalavis
- Møter med regionalt planforum og offentlege instansar
- Møter med miljødirektoratet
- Politiske møte med kommunale råd (ungdomsrådet, eldrerådet, rådet for personar med funksjonsnedsetting)
- Folkemøte
- Workshop med ulike interesseorganisasjonar
- Innbyggjarpanel